

Til medlemmane i Utval for opplæring og helse

## **Innspel frå organisasjonane på Hjeltnes vgs til den politiske handsaminga av sak «Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes»**

Dei fire arbeidstakarorganisasjonane på Hjeltnes vgs ynskjer å komme med innspel til fylkesrådmannen si tilråding i saka «Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes».

Fyrst vil me kommentere at me set pris på tidligare vedtak som gir grunnlag for at det no vert lagt opp til eit arbeid knytt til etablering av produksjonsskule på Hjeltnes med statleg tilskotsstønad. Sidan statleg økonomisk medverknad må arbeidast inn i budsjettarbeidet for 2018 vil Hjeltnes få eit skuleår der det ikkje er vidaregåande skule eller produksjonsskule, og det er lagt opp til «mellombels drift med lågast mogleg kostnadsnivå».

1. Primært ynskjer me at fylket uavhengig av statleg tilskotsstønad set i gang ein forsiktig oppstart av produksjonsskule allereie for skuleåret 2017/2018 slik at me unngår eit «mellomår» med dei tiltaka som er skissert frå fylkesrådmannen. Det må då tilsetjast dagleg leiar for Hardanger produksjonsskule i vår, og etablering av 1-2 verkstader i løpet av skuleåret 2017/2018. Dette bør kunne gjerast innafor den økonomiske kostnaden fylkestinget vedtok i oktober som fylket sitt bidrag i produksjonsskulen - årleg kostnad på 5 millionar. Me trur dette vil styrke Hordaland sin søknad om statleg medfinansiering.
2. Sekundært, kommentarar til rådmannen sitt framlegg:
  - a. Me ynskjer at det vert gjort inntak til Vg2 gartnar på vaksenopplæring våren 2017. Dette er ei linje som i ei årrekke har vore svært populær med fleire søkjarar enn plassar. Linja er allereie finansiert for skuleåret 2017/2018 og vil vere med på å halde aktiviteten oppe også i eit mellomår. Sidan desse elevane skal gå to år må dei verte gjort kjend med at andre skuleår kan få anna studiestad dersom all aktivitet på Hjeltnes vert lagt ned etter august 2018.
  - b. Me ynskjer at me kan ha ei drift på kantine slik at både elevane/studentar som går her skuleåret 2017/2018 har eit mattilbod og ein sosial samlingsstad dei vekene dei går på skulen. Kantina er også særst viktig for det psykososiale arbeidsmiljøet for dei tilsette, og med ein nedskjering i tal tilsette i mellomåret vil det vere endå viktigare å ha kantine der tilsette og elevar/studentar kan treffast. Sjølv kantinedrifta vil i stor grad vere sjølvfinansierande sidan elevane, studentane og tilsette kjøper maten der.
  - c. Det er lagt opp til at det ikkje skal vere noko leiarfunksjon igjen på Hjeltnes, berre kontor/administrasjonsressurs. Dersom ein både skal halde naudsynt aktivitet på skulen ved like i eit mellomår, og utvikle skulen fram mot oppstart av


produksjonsskule, vil det vere avgjerande at det er nokon som leiar dette arbeidet. Dersom dette vert lagt under administrasjonen på Voss vgs er me redd for at det ikkje er nokon som lokalt fyljer opp den dagleg drifta og utviklingsarbeidet skulen må gjere for å gå over til å verte ein produksjonsskule.

Me vonar fylkespolitikarane fyljer opp intensjonane og måla i tidligare vedtak med å aktivt vere med å sikre at Hjeltnes vert Hardanger produksjonsskule, har eit vaksenopplæringstilbod og utviklar vidare fagskulen sin studiestad på Hjeltnes.

Hjeltnes 3.2.2017



Kåre Olai Solheim  
Delta



Målfrid Hjeltnes  
Fagforbundet



Hendrikus Dijkstra  
Utdanningsforbundet



Guri-Kristina B. Bjørnstad  
Naturviterene